

Fra: Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>
Sendt: mandag 24. oktober 2022 09:32
Til: Mette Robertsen
Kopi: Børje L. Hoff
Emne: SV: Vedr. tiltak på gbnr 324/4 Langeland
Vedlegg: SV: Spørsmål knytt til behov for søknad om avkøyringsløyve (gbnr. 324/4, Alver kommune)

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei, igjen.

Tiltakshavar har tidlegare vore i kontakt med Vestland fylkeskommune, og har blitt fortalt at det ikkje er naudsynt å søke om utvida/endra bruk av avkøyrsla til Sagstadvegen, sidan det omsøkte lagerteltet/driftsbygget skal erstatte bygget som må rivast på bakgrunn av realiseringa av reguleringsplanen for Sagstadvegen. Bruken av avkøyrsla vert difor ikkje annleis enn slik den er i dag.

Eg viser til **vedlegg D-2.1** til byggesøknaden for det permanente reiskapshuset, og legg for ordens skull ved e-postkorrespondansen frå Lillian B. Byrknes, rådgjevar, forvaltning Bergen i Vestland fylkeskommune, som stadfester at det ikkje er naudsynt med søknad om avkøyringsløyve til Sagstadvegen.

Slik vi ser det, er det etter dette ikkje behov for å søkje om avkøyringsløyve til Sagstadvegen for verken det midlertidige lagerteltet eller det permanente reiskapshuset.

Tiltakshavar ber om at de ser over uttala og standpunktet til Vestland fylkeskommune og gjer ei ny vurdering av om det er naudsynt med søknad om avkøyringsløyve til Sagstadvegen.

Vi ber vennleg om ei snarleg tilbakemelding.

Dersom det er behov for suppleringar av det som følgjer ovanfor, må du gjerne ta kontakt. Eg er tilgjengeleg over både telefon og e-post.



Med vennlig hilsen

Martin Gjerde Skrede
Advokatfullmektig

478 50 067 | msk@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.

Fra: Mette Robertsen <mette.robertsen@alver.kommune.no>

Sendt: fredag 21. oktober 2022 14:40

Til: Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>

Emne: SV: Vedr. tiltak på gbnr 324/4 Langeland

Hei Martin,

Bustølvegen er privat, så De må søkje om avkjøringsløyve til Sagstadvegen som er fylkesveg.

Vennleg helsing

Mette Robertsen | Rådgjevar Plan og byggesak

Telefon:

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>

Sendt: fredag 21. oktober 2022 12:50

Til: Mette Robertsen <mette.robertsen@alver.kommune.no>

Emne: SV: Vedr. tiltak på gbnr 324/4 Langeland

Hei.

Takk for e-posten. Eg har vidaresendt informasjonen til Tore Mjåtvedt.

Eg forsøkte å ringe sentralbordet for å bli sett over til deg, men vart fortalt at de ikkje har telefontid på fredagar. Vedkommande eg prata med skulle legge att ein beskjed om du kunne ringe meg attende. Det eg lurar på, er om tiltaket treng avkjøringsløyve til Bustølsvegen eller Sagstadvegen.

Eg håpar på rask tilbakemelding, slik at søknaden kan bli sendt så snart som råd.



Med vennlig hilsen

Martin Gjerde Skrede
Advokatfullmektig

478 50 067 | msk@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om
at den slettes og avsender underrettes.

Fra: Mette Robertsen <mette.robertsen@alver.kommune.no>

Sendt: torsdag 20. oktober 2022 13:51

Til: Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>

Emne: VS: Vedr. tiltak på gbnr 324/4 Langeland

Hei Martin,

Usikker på om me har rett e-postadresse til tiltakshaver. Denne meldinga vart ikkje sendt.
Fint om De kan videresende, slik at dei vert informert.

Mvh Mette Robertsen

Fra: Mette Robertsen

Sendt: torsdag 20. oktober 2022 13:43

Til: Martin Gjerde Skrede <msk@harris.no>

Kopi: tm@hvp.no

Emne: Vedr. tiltak på gbnr 324/4 Langeland

Hei,

Administrasjonen sender i dag søknad om oppføring av midlertidig lagertelt (sak nr. 22/7306) ut på høyring. Kopi vert sendt til Dykk.

Tiltaket krev avkøyringsløyve og administrasjonen oppmodar søkjar til at det vert sendt søknad direkte til Alver kommune avd. Samferdsel,- veg,- vatn,- og avløp forvaltning.
Det same høve gjeld for søknad om oppføring av nytt reiskapshus (sak nr 22/2989).

De kan søkje om avkøyringsløyve for begge tiltaka i same søknad.

Dette til informasjon.

Vennleg helsing

Mette Robertsen | Rådgjevar Plan og byggesak

Telefon:

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE